



Sviggaplassane, 24.01.2025

NVE  
nve@nve.no

Dykker referanse: 20211117

## Detaljplan for miljø og landskap, Illvatn kraftstasjon -Uttale frå Luster Austre Fjellstyre

Luster Austre Fjellstyre ønske å nytta høvet til å komma med følgjande merknader til planframlegget:

*Planen er svært tynn på det som gjeld helikopter. Det vert synt til at helikopterbruken skal skildrast i ein eigen plan knytt til søknaden til Luftfartsverket. Fjellstyret saknar likevel, om ikkje i detalj, så iallfall eit grovt overslag over omfanget av helikopterbruk og korleis dette fordeler seg over året og dei ulike landingsplassane. Er det tenkt nytta snøskuter? Kva er venta av motorferdsel i driftsfasen?*

*Planen seier lite om korleis Hydro ser føre seg å møta konsesjonskravet om forsterka villreinoppsyn i anleggsfasen og aller viktigast; korleis Hydro kan agera ved melding om at det er dyr som oppheld seg i nærleiken av anleggsområdet. Det er ikkje ofte rein nær Illvatnet, men når det skjer er me svært opptekne av at desse dyra ikkje vert jaga då me ønsker at dei gamle beiteområda i Luster skal takast meir i bruk. Eit rimeleg tiltak er å stogga drifta og utsetja planlagd helikopterflyging for å sleppa trekkande rein forbi. Hydro må også ha eigne rutinar for å varsle ved observasjon av rein, slik at det vert mogleg å føra oppsyn med dyra og vurdera situasjonen på staden.*

*Hydro har ikkje gjort greie for kor mykje menneskeleg aktivitet anlegget vil generera i driftsfasen. Vil det vera lys ståande på? Støy?*

For ordens skull kan det til slutt nemnast at fjellstyret er i dialog med Hydro om å utføra oppgåver knytt til villreinoppsyn (jf. andre avsnitt).

Helsing

Ingvil,

Inger Moe

Dagleg leiar / fjellopssyn  
[fjellstyret@luster Austre.no](mailto:fjellstyret@luster Austre.no)  
tlf 917 13 559